

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 03.10.2014
SAKSHANDSAMAR: Lars-Johan Frøyland
SAKA GJELD: Rapport frå innkjøpsområdet

ARKIVSAK: 2014/911/
STYRESAK: 106/14

STYREMØTE: 23.10. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering

Bakgrunn

Offentleg sektor i Noreg er store innkjøparar. Nærings- og fiskeridepartementet (fagansvarleg departement for offentlige innkjøp) har berekna det samla innkjøpsvolumet for driftskjøp for offentlig sektor til å vera ca. 408 milliardar kroner per år. Specialisthelsetenesta står for om lag 10% av dette volumet, tilsvarande ca. 40 milliardar kroner, medan føretaksgruppa Helse Vest sin del av dette igjen er ca. 14%, eller ca. 5,5 milliardar kroner.

Denne saken gjer greie for dei viktigaste aktivitetane innan innkjøpsområdet i regionen. I tillegg er det ei kort orientering om to nasjonale prosjekt innan innkjøpsområdet som er sett i gang etter oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (Føretaksprotokoll 2014).

Lov og forskrift om offentlege anskaffingar gjeld for Helse Vest si innkjøpsverksemd. Alle anbod skal kunngjerast i den nasjonal kunngjeringsdatabasen Doffin og i den europeiske databasen TED (gjeld kjøp med kontraktsverdi over 1,6 mill. kroner).

Aktuelt

Medio september 2014 er det 539 pågåande innkjøpsprosjekt i Helse Vest. Av dette er 453 lokale anskaffingar gjennomført av dei ulike helseføretaka (inkl Helse Vest IKT AS), 60 er regionale anskaffingsprosesser, mens 26 anskaffingar er nasjonale. Dei nasjonale prosjekta blir handsama av Helseføretakenes Innkjøpsservice AS (HINAS).

Mellom 1500 og 2000 medarbeidarar i helseføretaka er til ei kvar tid engasjert i eit eller fleire anskaffingsprosjekt. Dette er ulike fagfolk som bidrar med sin kompetanse for å sikra at ein etterspør varer og tenester ut i markanden som har rett kvalitet, og som har eigenskap som ivareter mellom anna pasienttryggleik og HMS for medarbeidarane.

Ein har i 2014 utvikla ei ny informasjonsbrosjyre for medarbeidarar som blir involvert i dei ulike anskaffingsprosjekta. Brosjyra inneheld mellom anna informasjon om korleis medarbeidarar skal opptre i høve leverandørar og leverandørrelasjonar i anbudsprosesser.

Innovative anskaffingar

Helse- og omsorgsdepartementet har dei siste åra bedt helseregionane fokusere på innovasjon og innovative anskaffingar. Innovasjon i spesialisthelsetenesta vil ha betydning for landet sin samla verdiskaping. Å fremje innovasjon gjennom offentlige anskaffingar vil seie å anskaffa betre løysningar for å dekkje behovane helseføretaka har ved enten å anskaffe kjente varer og tenester og ta dei bruk på nye områder, eller ved å utvikle nye produkt og/eller tenester.

I styresak 069/12 O blei det gjort greie for arbeidet med å utarbeide ein nasjonal rettleiar for arbeidet med innovative anskaffingar i spesialisthelsetenesta. Helse Vest erfarer at det er behov for intern kompetansebygging knytt til innovative anskaffingar. Helse Vest har derfor deltatt i eit prosjekt i regi av Nordic Innovation der ein saman med ulike nordiske partnarar har utvikla diverse kurspakkar og formelle studieløp innan temaet innovasjon og innovative anskaffingar. Dette har skjedd i nært samarbeid med ulike nordiske utdanningsinstitusjonar. Samarbeidspartnar i Noreg er BI. Som eit direkte resultat av dette prosjektarbeidet, er BI no i ferd med å etablere eit eige masterstudie innan offentlege anskaffingar og innovasjon. Prosjektet i regi av Nordic Innovation har og utvikla kortare kurspakkar innan dette temaet. Prosjektet blir avslutta medio november 2014.

Mål for innkjøpsarbeidet

I løpet av 2014 er det arbeidd fram nye mål for innkjøpsarbeidet i Helse Vest. Måla er drøfta og handsama i det regionale direktørmøtet. Dei overordna måla er definert slik :

Nasjonalt samarbeid

Det er mykje samarbeid mellom regionane på innkjøpsområdet. Den viktigaste delen av dette samarbeidet er konsentrert rundt HINAS. Hausten 2013 blei det starta eit nasjonalt prosjekt for å etablere ein 4-årig handlingsplan for HINAS for perioden 2014-2017. Arbeidet blei leia av Helse Vest. Gjennom denne planen blir det løfta ein betydeleg innkjøpsportefølje opp på nasjonalt nivå. Volumet er foreløpig berekna til ca. 7 milliardar kroner i løpet av planperioden. Dette kjem i tillegg til HINAS si eksisterande innkjøpsportefølje på ca. 3,3 mrd. kroner. HINAS byggjer no opp kapasitet for å kunne handtere den auka oppdragsmengda.

I eit avsnitt nedanfor blir det gjort greie for eit pågåande prosjekt knytt til ein utvida nasjonal innkjøpsorganisasjon.

Etisk handel, miljø og samfunnsansvar

Som stor samfunnsaktør er det viktig at Helse Vest, gjennom innkjøpsarbeidet, tek ansvar knytt til etisk handel, til miljø og til arbeidet mot sosial dumping. Ein har i tidlegare styresaker understreka at arbeidet med å fremja helse og livskvalitet for eiga befolkning, ikkje kan skje utan tanke på helse og livskvalitet til andre. Arbeidet med miljørevisjon av risikofylte leverandørkjeder held fram. I løpet av 2014 har Helse Vest blitt medlem av Svanens Innkjøperklubb. Svanens innkjøperklubb hjelper verksemder til å ta miljørette valg når dei kjøper inn varer og tenester. Gjennom denne medlemskapen får Helse Vest mellom anna tilgang til ulike arenaer for kunnskapsbygging og -deling innan miljøområdet. Frå før er Helse Vest medlem av Initiativ for etisk handel og av Grønt punkt.

Helse Vest skal gjennomføre anskaffing av varer og tenester til spesialisthelsetenesta:

- til riktig kvalitet til riktig pris som gir effektiv pasientbehandling, ivaretar pasientsikkerhet og hensynet til ansattes sikkerhet, helse og velferd
- med god avtaledekning for anskaffingsbehova til Helse Vest og der det er lojalitet mot inngåtte avtaler.
- der ein fremjar innovasjon og legg til rette for bruk av nye løysingar.
- som ivaretar etisk og miljømessige hensyn
- i tråd med regelverk for offentleg innkjøp og som sikrar gjennomsiktighet og motverkar korrupsjon.


Innkjøpsfunksjonen i Helse Vest skal

- vere ein aktiv og premissgjevande samarbeidspartnar for nasjonale og regionale einingar.
- vere den leiande innkjøpsorganisasjonen innan helse i Noreg

eHandel og efaktura

Alle bestillingar av varer og tenester skal skje i dei elektroniske innkjøpsløysingane i helseføretaka. Helse Vest har knytta alle innkjøpsløysingane sine til det europeiske ehandelsnettverket PEPPOL. Det betyr at ein kan sende elektroniske ordre/bestillingar til leverandørar frå andre land enn Noreg, og motta elektronisk faktura frå utanlandske leverandørar.

Dei interne innkjøpsløysingane er vidare knytta opp mot den norske offentlege elektroniske marknadsplassen ehandel.no. Helse Vest er ein av dei største offentlege innkjøparane på denne handelsplattforma. Sjølv om bestillingsløysingane er mykje i bruk i helseføretaka, ser ein at dei miste helseføretaka har litt igjen før dei har fanga alle relevante bestillingar i innkjøpssystemet.



Figur: Tal sendte elektroniske bestillingar pr måned

Arbeidet med å implementera efaktura held fram. Fleire og fleire leverandørar kan no senda elektronsike faktura til helseføretaka. Over 50% av alle faktura som kjem til Helse Bergen er no elektroniske. I følgje tal frå Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) er Helse Bergen med dette det helseføretaket i landet med en høgaste andelen efaktura.

Måned	Foretak	EHF	PAPIR	% EHF	% PAPIR	Antall totalt
2014 Juli	HBE	3415	3141	52	48	6556
	HFD	625	1485	30	70	2110
	HFO	715	1503	32	68	2218
	HST	1476	3092	32	68	4568
	IKT	138	261	35	65	399
	SAV	44	267	14	86	311
	RHF	157	165	49	51	322
	Totalt	6570	9914	40	60	16484
2014 August	HBE	3767	4261	47	53	8028
	HFD	611	1287	32	68	1898
	HFO	800	1125	42	58	1925
	HST	1624	3005	35	65	4629

	IKT	173	221	44	56	394
	SAV	57	278	17	83	335
	RHF	142	163	47	53	305
	Totalt	7174	10340	41	59	17514

Organisering

Hausten 2013 starta det opp eit arbeid for å vurdere nytte og gevinstar ved ei endra organisering av innkjøpsfunksjonen i Helse Vest. Samla er det ca. 50 medarbeidarar i innkjøpsavdelingane i helseføretaka. Etter kvart som ein større og større del av innkjøp skjer regionalt, er det behov for felles styring av ressursane. Det er også behov for ytterlegare å profesjonalisera innkjøpsrolla i føretaksgruppa, gjennom å reindyrka kategoristyringsmodellen. Prosjektet vurderer å tilrå å skilja ut innkjøpsfunksjonen som eit eige helseføretak eigd av Helse Vest RHF. Ein vil komme tilbake til styret med eiga sak om dette seinare i år eller tidlig neste år.

I føretaksmøtet 7. januar 2014 bad Helse- og omsorgsdepartementet dei regionale helseføretaka komme med forslag om korleis ein utvida nasjonal innkjøpsorganisasjon kan etablerast. I mars 2014 blei dei administrerande direktørane i dei 4 RHFa samde om å starte eit prosjekt med mandat å greia ut korleis ein utvida nasjonal innkjøpsfunksjon kan etablerast. Arbeidet er leia av Helse Sørøst RHF. Rapport med tilråding til løysing har frist til Helse- og omsorgsdepartementet innan 1. november. Ein førebels konklusjon er at det blir det rådd til at ein fokuserer på regional konsolidering av funksjonen (slik ein nå legg opp til i Helse Vest) og at ein styrkjer HINAS si rolle som ein nasjonal innkjøpsorganisasjon for spesialisthelsetenesta. Dei regionale helseføretaka er samde i eit målbilete om ein nasjonal innkjøpsorganisasjon som femnar alle innkjøpsmedarbeidarane, men dette er ei organisering som ligg fram i tid.

Gevinstar av innkjøpsarbeidet

I styresak 110/13 O blei det orientert om gevinstar ved innkjøpsarbeidet. Det blei mellom anna lagt fram analyser som synte at samla gevinstar ved samordning av innkjøp på regionalt og nasjonalt dei siste 10 åra er berekna til 630 millioner kroner for Helse Vest.

Framleis er det samordningsgevinstar å hente innan innkjøpsområdet, og arbeidet med gevinsthasting held fram. Så langt i år er det identifisert gevinstar for Helse Vest som følgje av betre prisar på til saman 12 millioner kroner for anbod som er regionale og nasjonale. Eit godt døme å trekkje fram er anskaffing av blodposesett, kor ein opplevde ein reduksjon i pris på ca. 35% mot kva ein betalte i førre kontrakt.

Mange av innkjøpa som blir gjort på sjukehusa er knytt til medisinsk-teknisk utstyr. Her kan ein ikkje på same måte som med rammeavtalar på forbruksvarer rekna prisgevinstar, fordi nytt utstyr ofte erstattar utstyr som er mange år gammalt og kor det ikkje gjer meining å sammanlikna ny og gammal pris.

